

FORKLARING TIL DAGPRAKSISARBEID og VAKTPLANEN

Gjeldande 1.8. – 31.8.

Veterinærarbeidet er delt opp i:

- **DAGPRAKSIS:** alle kvardagar kl. 08:00 – 16:00
 - **VAKT:** kvardagar etter kl.16:00 til neste dag kl. 08:00
helger og heilag dagar. Eigen vaktplan!
-

DAGPRAKSIS:

Kvardagar (mandag-fredag) kl. 08:00 – 16:00

- **Innringingstid 08:00 – 09:30.** Ring veterinæren som har vakt for både innmelding av akutt- og rutineoppdrag. Dei vil koordinere arbeidet seg i mellom. Vi jobbar med ein bedriftsnettløsning («vakttelefon»).
- **NB!** Fram til de **to nye veterinærane Ida og Ole-Johan** startar medio august er det viktig at rutineoppdrag som kan planleggast som til dømes avhorning, vaksiner, brunstkontrollar, drektigheitskontrollar osv. vert meldt inn i god tid. Det kan ikkje påreknast at slike oppdrag kan bli utført på få dagars varsel.

**Akuttsituasjonar som oppstår i løpet av dagen på KVARDAGAR kl. 08:00 – 16:00:
ring veterinæren som har vakt.**

VAKTPLANEN:

VAKTPLANEN GJELD FOR FØLGANDE TIDER:

- **kvardagar frå kl. 16:00 til følgjande dag kl. 08:00**
- **helg: fredag kl. 16:00 – påfølgjande mandag kl. 08:00**
- **heilag dagar: heile døgnet**

Vaktplanen og forklaring til vaktplanen ligg ute på kommunen sine nettsider til en kvar tid. Nettsida med vaktoversikta finner du lett ved å google «veterinærvakt stranda kommune» og følgje linken inne på kommunen sine sider.

Her finn du oversikt over kva veterinær som har vakt utanom arbeidstid kvardagar etter kl. 16:00 og i helgane.

Her finn du også telefonnummer til kvar enkelt veterinær.

Kvar veterinær har sin fargekode i vaktplanen. Treng du akutt hjelp utanom arbeidstid og i helgane, ring direkte til den veterinæren som er oppført i planen på den aktuelle dagen.

Fargekode og telefonnummer til kvar enkelt veterinær står nedst på planen for kvar månad.

NB! Den personen som er oppført på vaktlista (kvar veterinær sin farge) har vakt frå kl.16:00 til påfølgjande dag kl.08:00. Dvs. at om veterinær X er oppført onsdag så har denne veterinæren vakt frå onsdag ettermiddag kl. 16:00 til torsdag kl 08:00.

NB!

Om det står raudt på vaktplanen så betyr det at det ikkje er veterinær tilgjengeleg på vakt etter kl.16:00. Det betyr IKKJE at det ikkje er veterinær tilgjengeleg på dagtid.

Vaktplanen har fargekodar for kvar person:

- **Gul** : Hanna Fredriksen
- **Grøn** : Ida Beate Løken
- **Blå** : Ole-Johan Norddal
- **Raud** : ingen veterinær tilgjengeleg på vakt.

Telefonnummer:

- Hanna : 922 43 721
- Ida : 994 13 641
- Ole-Johan : 952 44 041